

Lindås kommune

Dato: 28.08.2014
Vår ref.: 2014/11534-7
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Statoil Industriområde, Mongstad - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 14. juli 2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Statoil Industriområde på Mongstad. Hovudføremålet i planen er industri og grønstruktur. Føremåla er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 20. desember 2013.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Planendringa omfattar gnr 127 bnr 123 i Lindås kommune (Stormyra) og gnr 128 bnr 19 i Austrheim kommune (omfattar delar av Leirvågen). Øvrige endringar i planen er endring av trase for modulveg, framtidig ny tilkomst for tankbil, flytting av framtidig plassering av faklar, endring av vegføring i Litlåsen, og ny framtidig fakkellinje for CO2 landfall.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har tidlegare gjeve innspel til reguleringsplan i same område i desember 2013. I planområdet er det kjent to automatisk freda kulturminne (Askeladden-id 155066 og 55188) regulert til omsynssone c for bevaring av kulturmiljø (H570-2), samt bandleggingssone etter kulturminnelova. Det er òg kjent eit ikkje freda hamneområde (Askeladden-id 135132) regulert til omsynssone c for bevaring av kulturmiljø (H570-1). Arealføremål grønstruktur og omsynssoner blir i desse områda vidareført med uendra utstrekning og føresegnar i ny plan, og vi har ikkje merknader til dette.

I den utvida delen av planområdet i arealet gnr 128 bnr 19 i Austrheim kommune er det ytterlegare eit ikkje freda kulturminne i planen sitt sjøareal (Askeladden-id 135133) som med utvidinga nå ser ut til å vere inkludert i planområdet. Kulturminnet er ei båtstø som består av to steinsettingar som ligg delvis under vatn i framkant av eit naust. Vi ber om at båtstøa òg blir gjeve ei omsynssone c for bevaring av kulturmiljø. Omsynssone H570-3 bør ha følgjande føresegn:

I området er det registrert eit arkeologisk kulturminne bestående av ei båtstø. Området er ikkje freda. Det er ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminnet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknad til planforslaget når det gjeld kulturminne. Vi ber om at båtstøa (Askeladden-id 135133) blir gjeve ei omsynssone c for bevaring av kulturmiljø.

Omsynssone H570-3 bør ha følgjande føresegn:

I området er det registrert eit arkeologisk kulturminne bestående av ei båtstø. Området er ikkje freda. Det er ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminnet.

Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland